

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) er eit konsolidert museum med avdelingane: De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum.



De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum ligg i Sogndal kommune, og sysselset rundt 15 tilsette. Det over 100 år gamle friluftsmuseet med gardsdrift, har ei stor samling av før-industriell arbeidsreiskap. Satsingsområde er arbeid med kulturlandskap og dokumentasjon av samtid og nær fortid. Forsking er elles eit viktig arbeidsfelt for avdelinga, i samsvar med den nasjonale museumspolitikken. Museet har sekretariatsansvar for det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap. Båtsamling og fjordkultur vert formidla i eige bygg: Sogn Fjordmuseum. Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand er ei underavdeling som disponerer fleire antikvariske bygg. Avdelinga er under oppbygging og skal ta i bruk nytt utstillingsbygg i 2014.

Det er no ledig stilling ved DHS - Sogn Folkemuseum som:

AVDELINGS DIREKTØR

Avdelingsdirektøren er fagleg og administrativ leiar for avdelinga med dagleg ansvar for personale og drift, samlingsforvaltning, forskning og formidling. Avdelingsdirektøren er med i leiargruppa i MiSF og rapporterer til direktør.

Vi søkjer etter ein resultatorientert og samarbeidsvillig person med følgjande

Kompetanse og kvalifikasjonar

- Mastergrad eller tilsvarande innanfor museumsrelevante fag
- Relevant praksis og leiarerfaring
- Museumspraksis er ønskjeleg, men ikkje avgjerande

Personlege eigenskapar

- Målretta og strukturert
- Gode leiareigenskapar
- Evne til å motivere, inspirere og engasjere medarbeidarane til å vidareutvikle museet som ein aktiv samfunnsaktør og eit attraktivt publikumsmål.

Stillinga blir lønna etter avtale, basert på landsovereinskomsten for museum. God pensjonsordning.

Nærare opplysningar om stillinga får ein ved å vende seg til direktør Anne-Marie Førde, tlf. 902 02 820

Søknad med CV skal sendast til Musea i Sogn og Fjordane, Gota 16, 6823 Sandane eller til post@misf.museum.no innan 5. mars 2012.